

Nordbygda skule - høyring vedk. endring til fem dagars skuleveke

Bakgrunn:

Rektorgruppa i Masfjorden kommune har tatt initiativ til å undersøkje mogelegheitene for fem dagars skuleveke i staden for fire dagar for elevane i 1. – 4. klasse.

På Nordbygda skule har saka har vore drøfta i FAU og i Samarbeidsutvalet. I tillegg har Fagforbundet og Utdanningsforbundet gitt innspel til forslaget. Elevrådet har også hatt saka til drøfting.

Slik er skuleveka i dag - gjeld 1. – 4. klasse:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08:45-09:30	Skule	Skule	FRI	Skule	Skule
09:30-10:15	Skule	Skule	FRI	Skule	Skule
10:25-11:05	Skule	Skule	FRI	Skule	Skule
11:50-12:35	Skule	Skule	FRI	Skule	Skule
12:35-13:20	Skule	Skule	FRI	Skule	Skule
13:30-14:15	Skule	Skule	FRI	Skule	Skule

SFO før og etter skuletid kvar dag.

Slik kan det bli – gjeld 1. – 4 klasse:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08:45-09:30	Skule	Skule	Skule	Skule	Skule
09:30-10:15	Skule	Skule	Skule	Skule	Skule
10:25-11:05	Skule	Skule	Skule	Skule	Skule
11:50-12:35	Skule	Skule	skule	Skule	Skule
12:35-13:20	Skule	Skule	skule	skule	Skule

SFO før og etter skuletid kvar dag.

Ein kan også tenka seg ein fordeling av undervisningstimane med t.d. 4 timar undervisning ein dag og 6 timar undervisning 2 dagar (på denne måten vil me kunne ta i vare opplegget med «utedag» og ein kan leggja inn kulturskuleundervisning på slutten av nokre dagar).

Elevane sitt læringsutbytte

Det er mange pedagogiske argument for fem kortare dagar framfor fire 6-timars dagar:

- Læring kvar dag. Høgare og jamnare læringstrykk ved fem dagar framfor fire. Kan ikkje erstattast av lange ettermiddagar og meir slitne elevar.
- Betre kontinuitet. Med fri onsdag kan torsdag bli som ein måndag der ein startar veka på nytt.
- Betre læringsvilkår med jamnare fordeling av undervisning og arbeidsbelastning i veka, både for elevar og tilsette.
- Meir opplagte elevar mot slutten av dagen
- Jamne økter og drypp kvar dag under rettleiing av lærarar er særleg viktig i lese- og skriveopplæringa.

Ulike omsyn

Det er fleire omsyn som skal vegast mot kvarandre t.d. tilbod i SFO, sårbare barn, omdøme, barn og foreldre si oppleving av fridagen slik den er i dag.

Tilbakemelding frå Utdanningsforbundet Nordbygda skule (v. plasstillitsvald Gerd Ingunn Ynnesdal):

FEM-DAGARS SKULEVEKE FOR 1.-4. KLASSE

Tysdag 02.11.21 var dette ei sak på klubbmøte i Utdanningsforbundet ved skulen vår.

Alle som var på møtet var positive til å endre skuleveka for 1.-4. klasse frå 4 til 5 dagar.

Argument som kom fram på møtet var:

- Det vert betre læringsutbytte pr. teoretisk time dersom undervisningstida vert fordelt på 5 dagar (kortare skuledagar).
- Kortare undervisningsdagar gir betre undervisningstimar for elevane, då lærarar har meir energi tilgjengeleg for opplæring.
- Positivt i samarbeidet med kulturskulen: Ein kan flytte kulturskuletimane til elevane til tidlegare på dag. For foreldre vil dette bety mindre ettermiddagskøyning på barna, og dagen vil bli meir effektiv for kulturskulelærarar.

Andre innspel som kom fram på møtet var:

- Det vil vere lurt å ha ein eller to langdagar (6 timar) – dette for at ein framleis kan få til fellesaktivitetar ilag heile skulen (ekskursjonar, ski-/skøytedagar, fjellturar....). Uteskule må og ligge til ein av desse lange dagane.
- Dei andre dagane bør vere 4 timar (det har lite føre seg å ha fleire dagar med 5 timar).
- Det blei også diskutert om 5.-7-klasse har meir timar enn dei må ha. I tilfelle kunne ein kanskje få til å legge leksehjelp inn i «skuletida», og eventuelt kulturskuletimar.

Tilbakemelding frå Fagforbundet Nordbygda skule (v. plasstillitsvald Laila Mai Myrvang):

Kva er positivt med fire dagars skuleveke?

- Elevane har ein dag fri til å kunne reise på div ærend, spes m.m
- Dei får ein dag heime med foreldre dersom foreldre har fri om onsdagene.

Kva er positivt med fem dagars skuleveke?

- Elevane blir meir opplagde når ikkje dagane med læring blir så lang.

Andre innspel frå Fagforbundet:

- SFO leiar meiner det blir meir annsvar på ho. Vil 5 dagers tilbod gå ut over born med spes. behov, med tanke på fagarbeidere som er borte på mellom/ungdomstrinnet, og dei må bort til sfo tidligere?
- Leiker/utstyr: skal det brukast av alle borna, kven sitt budsjett vil det då gå av?
- Sfo overtar slitne barn etter endt skuletid, då er det viktig at me er godt bemanna så me kan gje dei best mogleg tilbod.
- Gymsalen bør være ledig så sfo kan bruke den på ettermiddag(etter 4-5 time) det hadde vært en fordel om kulturskulen og idrettskulen kan nytte timane etter skule til transport går heim. Ein må prøve på og få til smidige overganger mellom klassane dei er i, til dei er på sfo siden det ikkje er friminutt etter 4 time.
- Kva vil skje i høve betalinga? For eksempel på sfo, foreldrebetalte måltider og i feriar?

Tilbakemelding frå elevrådet Nordbygda skule:

Saka vart drøfta i elevrådsmøte 18. januar. Dette meiner elevrådet om saka:

- Lange dagar for dei yngste elevane viss det blir 5 dagar.
- Dei mister ein fri dag.
- Best som det er no.
- Det er fleire barn som ikkje liker seg på SFO.
- Spennande og begynne i 5 klasse og få ein ekstra skuledag.
- Du føler du blir eldre når du går frå 4 til 5 klasse.

Handsaming av saka i Samarbeidsutvalet Nordbygda:

Saka var på dagsorden i Samarbeidsutvalet Nordbygda skule 7. oktober. I referatet etter møtet står dette:

Rektor la fram ynskje sitt om å endra fram møtemønsteret for dei yngste elevane.

Rektor forklarte i møtet kvifor han ynskjer endring:

- *Dei yngste elevane har 6 undervisningstimar på måndag, tysdag, torsdag og fredag. På slutten av desse dagane er elevane ofte trøtt og dermed lite motivert for undervisning. Skuledagane er for lange – spesielt for dei aller yngste barna vert overgangen frå barnehagen for stor.*
- *Om elevane får 4-6 timar undervisning kvar dag vil undervisninga få mykje betre kvalitet/effekt.*
- *Dei tilsette som har lang erfaring med undervisning av dei yngste klassetrinna ynskjer seg denne endringa og meiner at 4-5 timar undervisning pr. dag vil gjera skuleveka betre for både vaksne og barn.*
- *Rektor meiner at ein endring av fram møtemønsteret vil gje auka læringsutbytte for elevane i alle fag.*

Det vart ein god diskusjon om denne saka i møtet. Eit spørsmål som vart diskutert var korleis elevane skulle koma seg heim etter 4. time. Eit anna spørsmål var om det er nok plass på SFO-avdelinga når barnetalet aukar (dersom elevane får tilbod om SFO fram til kl. 14.15 når den ordinære skulebussen går).

Kor stor meirkostnad for skuleeigar vert det med ekstra skyss eller 1,5 timar gratis SFO kvar dag?

Møtet vart einig om at skuleeigar må finna gode løysingar/svar på slike spørsmål før ein gjer ein endring i frammøtemønsteret.

Rektor oppfordra FAU om å diskutera spørsmålet og å koma med innspel. Rektor vil gjerne delta på eit temamøte med FAU slik at foreldra sine tankar om saka vert tatt med i saksbehandlinga opp mot kommunestyret.

Tilbakemelding frå FAU Nordbygda skule:

Argumenter for frammøteendring for 1-4 klasse:

- argumentene for endre skuleuken fra 4 dager til 5 dager er solide og gode.
- SFO-dagen midt i uken er også slitsom for ungene.
- det blir en mindre brutal overgang for ungene som kommer fra barnehagen. Det vil være bedre å fordele skoledagene og læringen over 5 dager slik at det blir kortere læringstid hver dag.

Argumenter mot forslaget:

- barna får lengre dager, har ikke mulighet til å hente seg inn igjen, unntatt på onsdager.
- synes ikke man kan si at ungene får en ny mandag på torsdag. Dette gjelder ikke alle barna. Kan gjelde enkelte.
- mener 5 dagers skole blir mer slitsomt for ungene enn 4 dagers skole.
- overraskende at dette forslaget ikke har kommet før nå. Har aldri hørt tidligere at dette har vært noe problem.
- det er godt med en fridag midt i uken, godt å kunne dele uken i 2 med fri på onsdagen/evt med SFO den dagen.
- fysisk aktivitet som læring gjør elevene mer utholdende til mot slutten av skoledagene. Det bør kunne gjøres endringer på timeplanen som gjør at de viktige og litt tunge fagene kommer på starten av skoledagen og de mer praktiske fagene på slutten.
- mange bruker onsdag til tannlege og legetimer med mer.

-mange barn gleder seg til SFO

-leksefri hverdag for 1-4 klasse hadde vært bedre med tanke på slitne unger etter lang skoledag og SFO

-hvordan vil kostnadene ved dette forslaget bli? Når det skal tilbys gratis SFO til ungene fram til kl 14.15, hvordan skal det finansieres?

-vil det gratistilbudet vare? Eller vil det sakte men sikkert gli over til å koste noe?

-hvordan vil dette påvirke lærernes arbeidstid med fulle stillinger?

-hvordan skal man sikre tilstrekkelig plass til alle elevene på SFO?

-hvor mye vil ungene egentlig "tjene" på dette med tanke på hva de får ut av en skoledag og hvor slitne de blir?

-hvordan vil kvaliteten på SFO bli? Vil det være godt med variasjon med tanke på alder og interesser? Guttene er veldig glad i fysisk aktivitet.